

Varhaug Misjonshus



NORSK LUTHERSK
MISJONSSAMBAND

Innhald:

Andakt
Ny menighet
Min song
NLM gjenbruk

Side 5
Side 6-8
Side 11
Side 13-15

Mannsforening
Bangladesh
Barnesider
Mi bok
Vaktlister

Side 18-19
Side 20-22
Side 24-25
Side 27
Side 30



Alt i oppmerking av parkeringsplasser

Toppaveien 7
4360 Varhaug
Telefon:
51430937
Fax: 51433364
Mobil: 90889556



Biloppugging og stort delelager.


Ytre Torvhusv., 4370 Egersund

TLF: 51 49 49 50

FAKS: 51 49 49 60

rogbil@hesbynett.no

Du ringer oss så henter vi ditt bilvrak!



SI.BYGG
www.sibbygg.no

MESTERHUS

– det blir som avtalt



FØREMÅL MED HUSET ER:

Ved bruk av dei nådemidlar som er gitt oss i Guds ord å fremja Guds rike heime og ute. Arbeidet er forplikta på Bibelen, Den Norske Kyrkja si vedkjenning og dei retningslinjer som dei fire eigarorganisasjonane arbeider etter. (§2 i lovene for Varhaug Misjonshus)

Meldingsblad for Varhaug Misjonshus

1 - 2019

31. ÅRGANG

Eigarar

Varhaug Misjonshus er eigd av fire misjonslag. Desse er tilslutta kvar sin hovudorganisasjon:

Norsk Luthersk Misjonssamband

Formann:

Kjetil Halvorsen

Mob. 474 53 729

Det Norske Misjonsselskap

Formann:

Njål Omland

Mob: 916 89 177

Normisjon

Formann:

Kjartan Horpestad

Tlf: 926 89 585

Indremisjonsforbundet

Formann:

Toralf Liene

Mob: 951 69 466

<http://www.varhaug-misjonshus.no>

Ånestadvegen 21, 4360 Varhaug.

Tlf: 51 43 08 08

E-mail adresse:

post@varhaug-misjonshus.no

Postadresse:

Pb 103

4368 Varhaug

Kontortid: måndag og torsdag

kl 2000-2100

Kontonr. 3335 11 24011

Kommentarer/innlegg til bladet:

E-mail:

redaksjonen@varhaug-misjonshus.no

Tlf. 900 58 503

Frå redaksjonen

Arbeidet på Misjonshuset går sin vante gang, men nå er noko nytt på veg inn. Den 23. april vart det formelt starta opp ein ny menighet på Misjonshuset. Sjur Håland har hatt ein samtale med Torbjørn Honnemyr, og det har resultert i ein artikkel om dette. Eigarorganisasjonene står samla bak dette, og det tradisjonelle arbeidet vil fortsetja som før. I ingressen skriv Sjur: « «Vi må få en menighet», har vært et uttalt ønske fra ungt hold, blant de som har Varhaug Misjonshus som sin åndelige base. Nå blir ønsket oppfylt. Men de med endringsvegring kan ta det med ro. Eierorganisasjonene fortsetter med sitt virke, selv med en menighet i full sving etter sommeren.»



Alle eigarorganisasjonane har hatt årsmøte og me presenterer her dei nye styra. Det same gjeld misjonshusstyret. Det er ikkje dei store utskiftingane, men litt er naturleg. Loyd Ånestad har vore leiar av husstyret i ei årrekke. Nå har han takka for seg, og Tron Stokkeland har teke over dette vervet.

Andakten denne gongen er skriven av Sigbjørn Varhaug. Han er oppteken av synstest. Er det nødvendig?, spør han. Han tenkjer på Trygve Bjerkrheim sin song (nr 149 i Sangboka). Det er Jesus som må gje deg att synet, skal du klara å sjå Guds rike. Andakten er skriven ei god stund før påske, men kan vera ein tankevekkar også etter påske.

Njål Omland, som har vore med i redaksjonen i mange år, har formelt trekt seg, men bidrar i dette nummer med Min Song. Ingrid Varhaug har lese ei bok om Hans Nielsen Hauge og gjer oss her nokre tankar om han som person og kva verknad hans arbeid har hatt for utviklinga i landet vårt. Barnesidene er levert av Gina Ueland.

I sist nummer presenterte me IMF sine kvinneforeningar. Denne gongen er det NMS si mannsforrening som me kan lesa om. NLM sin gjenbruksbutikk i Hatlevegen har 10 års jubileum, og Karin Lerbrekk har vore på besøk der Solvor Rasmussen fortel levande frå ein tur til Bangladesh, som ho og Gaute var på i vår. Dei var misjonærer der på 80-talet.

Per Åge Skretting

I redaksjonen: Eirik J. Varhaug, Sjur Håland, Steinar Ånestad, Per Åge Skretting og Karin Lerbrekk.



FARGERIKE



FARGERIKE HALVORSEN

Skulegata 13, VARHAUG • Telefon 51 43 61 00
E-post: post@fargerikehalvorsen.no
Mandag-fredag 7.00-18.00 • Lørdag 9.00-14.00.



Regnskapsfirmaet på Jæren

Besøksadresse: Møllevegen 4, 4360 Varhaug. (2 etg på Felleskjøpet) Kontor på Bryne - Sandnes - Varhaug



www.jarok.no

post@jarok.no - tlf. 51 48 22 66




KAY'S

BETONGSAGING AS

- Kjerneboring NÆRBØ
- Meisling Tlf. 908 37 365
- Minigraver



Leverandør av trelast og bygningsartikler




TRELAST OG BYGGEVARER
ENGROS

Jernbaneveien 18/19, 4365 Nærbø
Tel: 51 79 12 70 - Fax: 51 79 12 71

R. SKRETTING A/s

KJØTTFORRETNING
DELIKATESSE
SELSKAPSMAT
4360 Varhaug Tlf. 51 43 02 16



Synstest

Den dagen spørsmålet om andakt i Misjonshusbladet kom, sat eg og såg hopprenn frå Granåsen. Skihopp har alltid minna meg om kva det vil seia å fylgja Jesus,- gjennom livet. Har eg sagt JA til Jesus, er det som skihopparen som slepp seg frå bommen, og stolar på at han vert ståande der nede på sletta. - etter «å ha overvunne alt», som det står om i Paulus sitt brev til Efeserane kap. 6, vers 13.

Ja for —

Du kjem ikkje utanom Jesus - om du inn til Livet vil gå.

Får Han ikkje synet deg gjeva, - Guds rike du ikkje kan sjå.

SYNSTEST er det nødvendig?

Trygve Bjerkrheim minner om ei stor sanning i denne sangen (nr 149 i

Sangboka). Det er Jesus som må gje deg att synet, skal du klara å sjå Guds rike.

Påskehøgtida står for døra. Me treng kanskje SYNSTEST i forhold til det og. Det var ikkje «for løye» Jesus kom til jord.

Frå krybba til korset gjekk vegen for deg (Jesus)- syng me i Julia, - slik opna Han vegen til for meg, – ja for oss alle.

Det er synda si makt som lammar oss alle og bind oss, i forhold til synet på Guds nåde mot oss. Men Bibelen seier: Han som ikkje visste av synd, Jesus,- Han vart gjort til synd for oss, på korset, for at kvar den som trur på Han, ikkje skal fortapast - men få eit Evig liv. Dette skjer uforskyldt av bare Nåde. Og då vil kvar den som seier ja til Jesus, få oppleve Guds Fred som overgår all forstand. Dette er ein Fred som verda aldri maktar å gje eit menneske.

Så gjev då ditt hjarta til Jesus. Sitt liv han for deg gav ein gong.

Nådefulle Gud, - synd Du sletter ut, - Jesus tok all synd som sin, og derfor også DIN.

Treng du ein SYNSTEST for å sjå dette?

I den gamle BIBELBOKA som mange har gløymt, - ligg djupe og ævelege sanningar gjøymt.

Varm helsing frå Sigbjørn



Ny menighet på Misjonshuset

Nå har de fire eierorganisasjonene til Varhaug Misjonshus blitt enige om å danne en egen menighet på huset. Hva i all verden betyr det?

Sjur Håland

«Vi må få en menighet», har vært et uttalt ønske fra ungt hold, blant de som har Varhaug Misjonshus som sin åndelige base. Nå blir ønsket oppfylt. Men de med endringsvegning kan ta det med ro. Eierorganisasjonene fortsetter med sitt virke, selv med en menighet i full sving etter sommeren.

– *Mye blir som før, sier Torbjørn Honnemyr.*

Prosess over tid

Mens tidligere generasjoner har vokst opp med god kjennskap til Misjonshuset og eierorganisasjonene, har ikke ungdom i dag det samme forholdet. Torbjørn er en av de som kjenner både forhistorien og en del av prosessen frem mot den nye menigheten. Arbeidet er et resultat av flere år med diskusjoner og ulike syn om veien videre for Varhaug Misjonshus. På årsmøtene til eierorganisasjonene i fjor, var det oppe et forslag til dannelsen av menighet. Tre av organisasjonene ga tommel opp, mens NLM på det tidspunktet sa nei til foreliggende forslag. Prosessen har så gått videre.

– Formannskomiteen arrangerte i november 2018 et åpent møte på Misjonshuset. Her ble et justert utkast til lover presentert. Stemmingen var positiv, og møtet valgte et interimsstyre for den nye menigheten, forteller Torbjørn.

Torbjørn Honnemyr, som er leder i interimsstyret, har med seg Berit Skretting, Harald Dyrøy, Gerd Håland og Øyvind Vagle. Fram til jul ble det arbeidet med å lage retningslinjer for menigheten. Før dette hadde først representanter fra ImF og NLM, og senere Formannskomiteen, allerede jobbet endel med de overordnede lovene. På nyåret ble så planene presentert på de fire årsmøtene til eierorganisasjonene; NLM-Varhaug, NMS-Varhaug, Normisjon-Varhaug og ImF-Varhaug. Årsmøtene fikk spørsmål om deres lag ville være med og eie og drive den nye menigheten.

– *Det var en spennende prosess. Noen årsmøter var mer spennende enn andre. Folk har, naturlig nok, ulike meninger, slik det skal være. Det hele endte til slutt med at alle fire årsmøter sa ja, forteller Torbjørn.*

Styre og eldsteråd

– *Hva er en menighet, og hvordan vil den nye menigheten merkes?*

– *På mange måter kan vi si at det har vært en menighet på Misjonshuset i alle år. For bekjennelsen (den Augustanske) sier at kirken er der evangeliet blir forkynt rett og sakramentene blir forvaltet rett.*



På årsmøtet 23. april vart det valgt styre og eldsteråd

Styret Fv. Annete Sommerseth Auestad, Torbjørn Honnemyr, Oline Varhaug Rød(2. vara), Magnus Ånestad, Berit Skretting, Roger Lerbrekk(1. vara), Birte Varhaug og Njål Omland.

Rent organisatorisk er likevel menigheten noe nytt.

– Det blir en menighet med et styre og et eldsteråd.

Nå arbeides det med å få alt det formelle på plass, samtidig med at det blir rekruttert medlemmer.

– Forslag til regler eller statutter er alt ferdig. Det første årsmøtet, for de som alt har meldt seg inn i menigheten, vil finne sted 23. april.

Organiseringen og eierskapet til Varhaug Misjonshus er som før. Husstyret og de fire eierorganisasjonene fortsetter ufortrødent med sine aktiviteter.

– Basarer, møtekampanjer og julemesser kan fortsette som før, sier Torbjørn.

Søndagsmøter

Det er søndagsmøtene, både formiddagsmøtene og kveldsmøtene, sammen med barnearbeidet på søndagene gjennom Awana, som nå blir organisert gjennom den nye menigheten. Sannsynligvis vil også Varhaug Kristelige Ungdomslag bli en del av den nye menigheten.

– Men det er ikke formelt i orden enda, understreker Torbjørn.

– Så dette betyr at en kan være medlem i for eksempel Misjonsselskapet og være medlem i menigheten?

– Absolutt. Og du kan være medlem i Misjonsselskapet uten å være medlem i menigheten, eller du kan være medlem i menigheten uten å være medlem i Misjonsselskapet. Og likedan med de andre organisasjonene.

Menigheten er en luthersk menighet med samme bekjennelsen som i de fire eierorganisasjonene og Den norske kirke.

Ikke kirkeprotest

– Er menighetsdannelsen en protest mot Den norske kirke og urolighetene som har vært der rundt spørsmål rundt for eksempel homofili og vielse av likekjønna?

– Spørsmålet er godt. Svaret er nei. Dette er ikke en protest mot kirken. Det er flere grunner til menighetsdannelsen. Det er mange på Misjonshuset som av ulike grunner ikke bruker kirken, og noen har meldt seg ut, nettopp fordi de ikke er enige med alt kirken står for. Vi er mange som er urolige for utviklingen i kirken, men hovedsaken er et ønske fra mange om en menighet på Misjonshuset med et åndelig lederskap og et helhetlig tilbud, sier Torbjørn, som selv hører til Norsk Luthersk Misjonssamband, er kirkegjenger og en av mannskapet som gjør tjeneste som klokker i Varhaug kyrkje.



Eldsteråd: Fv. Tor Selmer Olsen, Steinar Ånestad og Svein Jakob Nesvåg.

– Vil ikke en menighet med et åndelig lederskap og eldsteråd i fremmede ører lyde litt skummelt, særlig for de som ikke hører til «den indre kretsen»?

– Dette er ikke skummelt i det hele. Vi kan si at det rent uformelt har vært en åndelig ledelse på misjonshuset i alle år i form av kloke personer med stor bibelkunnskap som har fått tillit og respekt. Nå er tanken at det blir en mer formalisert oppfølging av medlemmene. En ønsker for eksempel å gi mulighet for åndelig veiledning for de som måtte ha det vanskelig og trenge råd og hjelp.

Eldsteråd

Eldsterådet består av menn.

– Det er klart at det er ulikt syn på dette. Menigheten som eierorganisasjonene har sluttet seg til, er tuftet på regler fra ImF og NLM. I disse organisasjonene består eldsterådene av menn, forklarer Torbjørn.

– Er dere ikke redde for å framstå som ekskluderende?

– Ikke redde, men vi ser at noen finner det merkelig og syns vi er håpløst gammeldagse. Det handler mest om et ønske om å ta Bibelen på alvor. Personlig har jeg en forståelse for at andre ser ulikt på dette, men jeg tror likevel det er rett, og hører nok til de «gammeldagse» i så måte.

Foreløpig skal den nye menigheten ledes av styret og eldsterådet, uten at det foreligger planer om å tilsette en forsamlingsleder eller

pastor. Både konfirmasjon og gravferd kan bli en del av fremtidens tjenester i menigheten, mens dåp og nattverd allerede har vært blant tilbudene noen år på søndagsmøtene i regi av Misjonsambandet.

Mer til misjonen?

– Hva med misjonsengasjementet. Vil det forvitre nå som de unge slutter seg til menigheten i stedet for en av misjonsorganisasjonene?

– Menigheten sitt ytre misjonsarbeid skal drives gjennom organisasjonene. Det vil jevnlig bli informert om eierorganisasjonene sitt arbeid på Misjonshuset, med oppfordring om å støtte misjonsarbeidet. Vi har tro på at dette faktisk har potensiale for økt givertjeneste og flere midler til misjonen.

Navnekonkurranse er utlyst, og på årsmøtet blir et formelt navn på menigheten godkjent.

– Blir Misjonshuset nå mer åpent og inkluderende i forhold til de som svinger innom på en basar eller ei julemesse i løpet av året?

– Det er håpet. Vi vil være en positiv og synlig aktør i bygda. Vi ønsker å tilby en møteform som vil gjøre det lettere for de såkalte kirkefremmede å stikke innom.



Fv. Torbjørn Honnemyr, Georg Høien, Håvard Varhaug, Per Arvid Jakobsen, Solfrid Harbo, Tarald Ånestad, Astrid Varhaug, Tron Stokkeland(form.) og Kristian Skrettingland.

Fra Husstyret

Ja, nå nærmer det seg vår og sommer sjølv om det ikkje ser heilt sånn ute når dette vert skrive. Årsmøtet for misjonshuset var 14. mars og det gjekk geit, ingen store saker. Det er ein stabil gjeng som er med i styret, slik at det er liten utskifting. Årsmeldingen er trykket seinere i bladet.

I skrivande stund er det vår dugnaden som står for tur sånn at det er ryddig både innvendig og utvendig til konfirmasjoner og selskaper som huset vert leigd ut til.

I år er det foreløpig ingen store planer for vedlikehald av huset utanom det ordinære behovet som trengs. Folk er utruleg flinke til vera med når me treng hjelp.

Dette set styret veldig stor pris på, det er mange positive som tek del i drifta.

Ellers så er tida inne for avslutningar for foreningar og kor for sommaren. Det vert ei kort hektisk tid før me går inn i ei roligere sommartid.

Håper at alle finner seg vel til rette på alle aktivitetene som foregår på huset. Ut fra alle statistikkar er det mykje som skjer for alle aldersgrupper.

Dette håper me i styret kan fortsetja og me ynskjer fleire nye velkommen til å gå på misjonshuset og oppleve fellesskapet her.

Helsing Husstyret.

ÅRSMØTE

Andakt v/ Terje Bøe

Møtedel

Matøkt med åresalg(25 kr)

Trekning

Årsmøtedel

Stemmeberettiget på årsmøtet er medlemmer over 18 år i de fire eierorganisasjonene som har betalt medlemskontingent for 2017 eller 2018

Velkommen

Bønn

Møtedel

Matøkt med åresalg og trekning

Årsmøtedel:

Saksliste:

Valg av referent

Valg av to møtedeltakere til å skrive under møteboka.

Årsmelding

Misjonshuset

Formannskomiteen

Regnskap

Valg av kasserer

Valg av revisor

Drøftinger.

ÅRSMELDING 2018

57. driftsår

Som tidligere år har huset også i 2018 blitt flittig brukt. Møtestatistikk for 2018 finner du på en senere side.

Misjonshusstyret har i 2018 hatt 7 styremøter og har behandlet saker fortløpende. . Også i år har styret hatt dugnad med vask og tilsyn på Misjonshuset, samt kontorvakt hver mandag og torsdag kl. 20 - 21, og stengt i juli. Ungdomslaget er fremdeles bare observatør i husstyret. Hvert styremedlem har ansvar for ei hel uke om gangen. Oversikt over hvilken uke de enkelte har ansvar og telefonnummer er satt inn i misjonshusbladet, og på oppslag ved inngangsdør. På oppslagstavler henger også oversikt over registrerte møter og arrangementer og hvilke faste arrangementer som pågår.

Styret har også dette året stått for renhold av møtefløyen og kvinneforeningene, ungdomslaget, speideren og guttelagene stått for renhold av matsalsfløyen, og med dette vil vi si takk for god innsats til dere som har deltatt og fortsatt vil delta i slikt arbeid.

Misjonshusbladet har også i år blitt delt ut til bygda 2 ganger (Vår og Høst). Redaksjonskomiteen gjør eit godt arbeid for bladet for å presentere arbeidet på misjonshuset ut til resten av bygda.

Misjonshuset er også blitt presentert i Varhaugbuen som kommer ut i bygda.

Misjonshusbasaren som er blitt godt innarbeidet på hausten, gjør ett godt tilskudd til drifta på huset. I år kom det inn i overkant av 66000.

Styret er svært glad også for den støtte Hå kommune gjennom kontaktutvalget for bygg og anlegg yter til bl.a. Misjonshuset. Kommunal bevilging med støtte til drift, vedlikehold og utstyr utgjorde rundt 90 000.

Styret for Varhaug Misjonshus ved utgangen av 2018 var:

Loyd Aanestad (formann), Tarald Ånestad , Per-Arvid Jakobsen (sekretær)

Solfrid Harbo, Tron Stokkeland, Torbjørn Honnemyr(nest formann), Kristian Skrettingland, Astrid Varhaug og Håvard Varhaug (styremedlemmer). Steinar Ånestad har vært kasserer.

Styret for Varhaug Misjonshus 2019 blir

Georg Høien , Solfrid Harbo, Tron Stokkeland, Torbjørn Honnemyr, Per-Arvid Jakobsen, Astrid Varhaug, Tarald Ånestad og Håvard Varhaug . Steinar Ånestad er kasserer.

Min song

For meg å velja ein song som min song er ingen enkel sak. Det er så mange songar som betyr mykje for meg. Det er svært viktig at det er fin musikk som eg likar, men det er teksten som gjer at songane får ein spesiell betydning.

Den songen eg vil trekkja fram her er skrevet av Ulf Christiansson, frontfigur og grunnleggar av rockebandet Jerusalem. Songen er ein vakker ballade som heiter «Jag vill ge dej en blomma». Den er på plata «Jerusalem Volym 2» som kom i 1980. Denne songen har eg spelt og sunge mange gonger. Den har ein enkel og flott melodi og eit flott arrangement. Men ikkje minst så utfordrar songen meg gjennom teksten; Kva er viktigast for meg?

Jag vil ge deg en blomma som en gåva
Jag vill ge dej en salva till ditt sår
Jag vill ge dej det bästa som jag äger
Ja, jag vill ge dej det enda jag kan ge

Men om musiken är det enda, du behöver
Och om musiken är det enda, som är nåt värt
Då är tonerna lika döda, som ditt hjärta
Då är livet som du lever inget liv

Vill du ta emot den blomman från Jesus
Den är blodröd för den växte vid hans kors
Kanske att en tår i ögat då där blänker
när han ser att du sa ja, och tog emot

Men om det som Jesus gjorde inte gäller
Och om livet som han gav inte är nåt värt
Då är orden lika döda som ditt hjärta
Då är livet som du lever inget liv

Tenk at det er gledestårer når vi tar imot.

Njål Omland



Sentrum Salongen

Ånestadveien 13, 4360 Varhaug

Tlf. 51 43 11 02

Er du fornøyd - er vi fornøyd



Bestill time på nett.
Scan QR koden og kom rett til
bestillingssiden. Eller gå inn på :

www.ledigtime.no/sentrumsalongen



SPAR



SPAR VARHAUG

Tlf. 51 43 01 36 - Fax. 51 43 00 19

E-post: spar.varhaug@ngbutikk.net

Opningstider 06.30 - 21.00
(08.00-20.00)

SpareBank 1

SR-BANK

T. SKRETTING MASKINSTASJON

Dysjalsandsvegen, 4360 Varhaug


Trond Skretting

mob. 906 80 143

mob. 975 54 681 (Erik)

trond@tskretting.no

www.tskretting.no



Brit Jane Varhaug
Einervegen 3
Tlf.: 51430757

Varhaug Park & Hage

Tlf: 51 43 59 00 e-post post@vph.no www.vph.no



Murmester

Waldeland & Dubland AS

Alt i mur-, puss- og flisarbeid

Tlf: 992 50 989

Epost: post@waldeland-dubland.no

HUS • TILBYGG • REPARASJONER

Be om pristilbud på arbeid og materialer



Lobekk Bygg A/S

Svein Lobekk

Tlf.: 51 43 09 99

Mobil: 90 92 98 87



I sofakroken, frå venstre Malena Tjemsland, Thyra Bjerkreim, Sverre Sæverhagen, Marta Bøe, Johan Bjerkreim, Bjørg Haugstad.

NLM gjenbruk, Varhaug

Karin Lerberkk

Gjenbruksbutikken ligg i Hatlevegen 3 på Varhaug. Den vart starta for godt 10 år sidan, og feira tiårsjubileum i oktober 2018.

Det har vore tre butikkleiarar i løpet av desse ti åra: Arvid Natland, Helga Bøhn Skrettingland og nå Gylfi Svavarsson.

Nåverande styreleiar er Svein Kåre Håland.

For ti år sidan var det få som hadde tru på at ein butikk av dette salget, var liv laga på Varhaug.

Det begynte med at Sveinung Lianes, som ivra for gjenbruk og hadde erfaring frå andre stadar i landet, samla nokre lokale folk til planlegging og inspirasjon.

Lokalet der butikken ligg nå, stod tomt etter Misjonssentralen, og vart valgt som eigna plass.

Nokre meinte det låg usentralt til og difor var ueigna, men fleirtalet gjekk for denne staden, og prosessen var igang.

Sverre Sæverhagen, som har vore med frå starten, fortel om mykje arbeid for å gjera lokala klare til nytt bruk. Her var materiallager og nedstøva maskinar etter tidlegare drift, og mykje dugnad vart lagt ned i form av rydding og klargjering allereie frå mai - 08.

Gjenbruksbutikken på Varhaug var blant dei første i sitt slag her i distriktet. Det var Fretex på Bryne og Mariero, samt gjenbruk på Sola og i Eigersund i forkant. Det gjorde at Varhaug fekk varer frå eit stort distrikt. I den første tida bruka ein sine private bilar til henting av varer. Nå eig butikken ein stor og tenleg varebil, som vert godt nytta.

Det var litt spanande i starten om folk ville finna fram og koma til butikken. Ein la vekt på



god annonsering, og folk snakkast, kundane kom, og handelen gjekk alt frå starten av.

Nå er det mange gjenbruksbutikkar på Jæren og omegn, og betydeleg større konkurranse om gode varer og kundar enn for ti år sidan. God service er viktig. Folk leverer varer på døra, eller tek kontakt for henting og bringing. Det er faste takster når ein brukar varebilen i slike ærend.

Marta Bøe har også vore med sidan oppstart. Ho melde seg sjølv til arbeidet, og hugsar at varaordførar Magnar Matningsdal klyppte snora ved høgtideleg opning i 2008.

Av arbeidsoppgåver nemner ho å ta imot varer og setja dei på plass, vaska, rydda og halda orden og prisa varene. Ein sit i kassen og tek imot betaling. Å koka kaffi og syta for noko godt i sofakroken, er ei anna viktig oppgåve. Noko av det som betyr mest, er kanskje korleis ein møter kundane, at ein har tid til ein god prat og setja seg ned med kaffikoppen og lytta. Det å verta vist tillit i ein samtale, gjer noko med ein. Tilbakemeldinger om fin orden og god atmosfære, er også gildt å motta.

Noko anna Marta set pris på, er ungane som stikk innom på veg heim frå skulen. Ein kjeks i handa, eit smil og nokre venlege ord, er så lite, men likevel så stort, og gir nye krefter til

siste biten heim. Marta trur denne kontakten er verdifull for både liten og stor. Fleire kjem tilbake og kjøper små gaver, og det er kjekt å kunna hjelpa dei.

Helga Bøhn Skrettingland er eit kjendt ansikt i butikken, og har vore med frå dag ein. Ho fortel om skepsis til dette føretaket, men møte, idémyldring og pågangsmot skulle visa at gjenbruk har sin plass, også på Varhaug. Det vart og erfart at fleire butikkar av same slag i området, ikkje er ei ulempe, heller det motsette. I tillegg til lokale kundar, kjem folk langvegs frå. Dei brukar gjerne dagen og legg turen innom alle gjenbruksbutikkane langs ruta.

Det er fem arbeidslag som driv arbeidet. Dei går på dugnad, og arbeider ein dag i veka og femte kvar laurdag. Skulle arbeidsdagen kollidera med noko anna, plar det gå greit å byta med einkvan annan. Aldersgjennomsnittet er relativt høgt, her er folk frå tidleg i 60 åra til godt over 80. Om alderen er ganske høg, er trivselen minst på same nivå, altså veldig god. Her er glede på fleire plan, godt samhald arbeidarane imellom, og gode møte med kundar. Om det er travelt med praktiske gjeremål, vert det lagt vinn på å ha tid til ein drøs.

Ein person har ansvar for å ta bilete av nye varer, og leggja dei ut på Facebook. Det er



effektiv annonsering og når vidt, og mange følger med på vareutvalget på denne måten.

Butikken er open frå 12-16 alle kvardagar, og 11-14 laurdagar.

Kva kan ein kjøpa? Svaret er: Det meste! Kjøkkenutstyr, koppar og kar, dukar, bilete, bøker, klede, sko, sykklar, sportsutstyr, møbler og lampar - den som ikkje har vore innom, bør ta turen og sjå. Det er ikkje kjøpepress, og ein vert motteken av blide damer og menn som legg vinn på å ha tid til ein.

Dei som var skeptiske til gjenbruksbutikk på Varhaug og plasseringa av denne, har nok sett at det var fåfengde bekymringer. Handelen går, varer vert leverte hit og skiftar eigar. Det er rimeleg å handla her, men - mange bekker små, vert til ei stor å -, og det same med summane. Mykje pengar kjem inn, omlag 10 millionar på ti år. Dei siste par åra har det vore ein liten nedgang økonomisk, så det er spanande kva komande år vil by på.

Ein må konkludera med at gjenbruksbutikken er god på fleire måtar, godt for miljøet, ein slepp å kasta brukbare ting ein ikkje treng sjøl. Andre kan ha bruk for det. Det er sosialt, ein stad å stikka innom for å slå av ein prat. Så utgjør det

eit betydeleg økonomisk bidrag til misjonen, i dette høvet Norsk Luthersk Misjonssamband.

Til slutt ein appel til deg som les dette: Kunne du tenkja deg å vera med i eit arbeidslag på Gjenbruk Varhaug? Dei som arbeider her, ønskjer nye medarbeidarar, både damer og ikkje minst mannfolk som kan ta i eit tak. Det vert ein del løfting når ein hentar og får levert møbler.

Som ei sa - me treng nye folk, halve staben går mot 90!

Velkommen innom i Hatlevegen 3!



Nye styrer i eigarorganisasjonane 2019

Norsk Luthersk Misjonssamband, NLM:



Ev.: Harald Dyroy, Tide Ekroll, Birte Skretting Auestad, Kjetil Halvorsen, Tormod Nord-Varhaug, Bjørg Vistvik Stokkeland, Gry Varhaug



Det Norske Misjonsselskap, NMS:

Hva vi gjør



BEKJEMPER
URETTFERDIGHET



DELER TROEN
PÅ JESUS



UTRYDDER
FATTIGDOM

Program for resten av 2019

- 8. Mai - Misjonskveld, Hald
- 25. August - Stevne på Varhaug
- 27. September - Basar
- 1.–3. November - Møtehelg
- 22.-23. November - Julemesse



Styret NMS Varhaug

Geir Odland Aase, Håvard Austnaberg, Njål Omland,
Guri Skrettingland, Hanne Skårland, Arnhild Mersland,

Indremisjonen, IMF:



*Framme fv. Borgny Ånestad Skretting, Gerd Håland, Anne Brit Stokkeland.
Bak: Svein Jakob Nesvåg og Toralf Liene.*

19. mai Føremiddagsmøte

16. juni Føremiddagsmøte

4.-8. sept. basarveke

29-30. nov. møter

Normisjon:



*Nor-styret: f.v.: Roger Lerbrekk,
Kjartan Horpestad og Øystein Varhaug*



Ev.: Eivind Varhaug, Krisitan Lima, Håkon Reinås, Kjell Gunnar Arnesen, Kjell Tjemsland og Reidar Varhaug

Menn driv også misjonsforeining

Foreiningsarbeid er ikkje berre for kvinner. På Varhaug har ei mannsforeining tilknytt Det Norske Misjonsselskap, NMS, vore i aktivitet i ei årrekke.

Sjur Håland

Det er eit faktum at kvinner er meir interesserte i handarbeid enn menn, og at strikking, hekling og sying tradisjonelt er knytt til dei ulike misjonsorganisasjonane sine kvinneforeiningar. Gruppa av menn på Varhaug som samlast til foreining annan kvar tysdag i dei ulike heimane gjennom skuleåret, har valt å ikkje ta med seg spøtet.

Arild Vagle, leiar i mannsforeininga, forklarar.

– *Me er ei ganske vanleg foreining med mannlege medlemmar som gjennom åras løp har blitt som ei bibelgruppe, seier han.*

Ikkje basar

Det betyr at mannfolk-innsatsen gjennom året ikkje plent endar opp med ein basar. Men misjonsbøssa blir brukt og sendt rundt, likt som i kvinneforeiningane.

– *Ja, me har alltid ein kollekt. Det blir ein god pott i året, som me sender til misjonen, seier han.*

Arild legg til at om dei ikkje har eigen basar, har dei faste oppgåver knytt til NMS si årlege

julemesse i november. Søndagens bibeltekstar, lesetekstane og preiketeksten, er alltid tema når mannfolka benkar seg rundt salong- eller spisebordet på foreiningskveldane.

– *Me brukar ei bok som handlar om dei aktuelle tekstane, og bruker denne og bibelteksten som eit utgangspunkt for diskusjon og samtale.*

I boka er det også konkrete spørsmål som foreiningsmedlemmane freistar å finna svar på.

– *Samtalane glir alltid lett, forsikrar Arild.*

Laust og fast

Laust og fast, er eit uttrykk som alle jærbruar kjenner. Varhaug mannsforeining av NMS er heller ikkje framande for det omgrepet.

– *Slik er det også når me kjem i lag. I løpet av åra har me blitt godt kjent. I tillegg til bibelteksten, skal ein foreiningskveld alltid innehalda ein dose laust og fast, understrekar han.*

Faste ramar er viktig. Mannfolka veit at foreiningskvelden varer i to timar. Frå klokka 19,30-21,30. Innan den tida skal bibelteksten vera gjennomgått og kaffi og kaffimat fortært. Gode kjensler av laust og fast, alvor og spøk sit i kroppen etter ein foreiningskveld.

Alvor

Blant livets største alvor høyrer med at to av medlemmane i gruppa er døde i løpet av dei to siste åra. Ole Moi og Rolf Magne Lerbrekk er djupt sakna. Ole var eldsjela, ein av initiativtakarane og første leiaren i foreininga. Arild fortel at NMS-gutelaget i bygda monterte ulike halvfabrikata frå Misjonssentralen. Jærhus, fuglebrett og ulike leikar i tre, trong maling, lakking og anna etterarbeid av vaksne før julemessesal eller utlodding.

– *I starten var me i «sløydsalen» i kjellaren på Misjonshuset og arbeidde ein times tid. Den gongen gjorde me faktisk litt nytte for oss, smilar Arild.*

Etter arbeidsøkta samlast dei i det vesle møterommet i kjellaren kor dei gjekk gjennom søndagsteksten og hadde ei møteøkt og ein matbit. Etter kvart minka det på oppdraga for gutelaget. Finsløyd og maling vart erstatta av ulike mindre vedlikehaldsoppdrag på Misjonshuset.

– *Som ein type vaktmeisteroppdrag. Det kunne for eksempel vera stolar som skulle reparerast eller eit rekkverk som trong oppfiksing.*

Madagaskar

Gutelagsarbeidet vart nedlagt, og mannfolka byrja å samlast rundt i heimane.

– *Me saknar nok det praktiske, men har det svært gildt i lag. Oppmøtet er godt. Du skal eigentleg ha ein god grunn for å ikkje koma på foreining, seier Arild.*

– *Samlar de inn til spesielle prosjekt, eller går pengane direkte til NMS?*

– *Ole Moi var eldsjel i høve til å støtte Jordbruksskolens venner og deira arbeid på Madagaskar. Det vart naturleg for foreininga å støtta arbeidet på jordbruksskulane i Tombotsoa og Fihsonana. Resten går til NMS sitt generelle misjonsarbeid.*

NMS på Varhaug sine foreiningar:

- Auestad kvinneforeining
- Varhaug NMS kvinneforeining
- Lydia
- Lensmannsgården
- Manna
- Mannsforeininga

Vaksne

Foreininga består av vaksne medlemmar.

– *Nå er me to, tre stykk som er under 60, så me kan vel kategoriserast som ein aldrande gjeng, konstaterer Arild, igjen med eit smil.*

– *Er de så innarbeidde at dørene er stengde for eventuelle nye medlemmar?*

– *Absolutt ikkje. Her er det berre å koma og vera med for kven som helst. Rekruttering er ikkje så lett. Du har også blitt spurt om å vera med, minner han om. Og smilar.*

Grundar på ordet

Å delta i mannsforeininga gir, i følgje Arild, ei god anledning til å opna Bibelen og lesa og diskutera tekstane der.

– *Så er det alltid litt gildt å gå i kyrkja den komande søndagen for å sjå om presten har dei same tankane kring teksten som me har hatt. Det er slett ikkje alltid. Han kan ha sett andre sider som me ikkje har vurdert. Det er spanande å møte litt førebudd til gudsteneste.*

Foreining er eit høve til å koma saman og grunda på Ordet.

– *Det treng me alle. Kom gjerne og bli med oss, avsluttar Arild Vagle.*



Misjonstur til Bangladesh i februar i år

På veg til Kalenje

Solvor Rasmussen

Å kome til Bangladesh er som å kome til ei heilt anna verd! Det er så mykje som er så totalt annleis frå livet vårt her i trygge Norge. Ikkje minst trafikkbildet. Det er noe av det første som møter deg når du har landa i Dhaka og skal setja deg i bilen som er komen for å henta deg frå flyplassen og til gjestehuset. For den som ikkje er kjend med det frå før, verkar det heilt kaotisk. Alle vil kome fram først, ser det ut som. Det tutast og kjørest forbi på alle kanter! I vegbanen er det gåande, syklande, rickshawer (sykkeldrosjer), trehjulsscooterdrosjer, motorsyklar, overfylte bussar i alle utgaver, gamle, bulkete og skeive; lastebilar – og personbilar. Når vi må stoppe for rødt trafikklys, dukkar tiggjarane fram mellom bilane, ja, og seljarane av popcorn, peanøtter, bengalsk kryddersnacks, aviser og bøker.

Ein ser fort at dette landet er tettare befolka enn vårt eige!

Så kjem vi fram til Gjestehuset «vårt» og vi vert møtt med varme og velkomst av tilsette som vi kjenner frå før. Herleg å vere framme i kjende omgivelser etter ei lang flyreis!

Gaute og eg fekk oss ein Bangladesh-tur igjen i februar i år. Vi budde i dette landet frå jan. 1980 til juni 1991, avbrote av to Norgesopphald, kvart på eit års tid. Det gjer

at vi har blitt knytta til landet og folka på ein spesiell måte. Santalmisjonen, nå Normisjon, bestemte oss til arbeid blant khasifolket, som bur i eigne landsbyar i jungelområda nordaust i Bangladesh. Majoriteten av denne folkegruppa bur i staten Meghalaya i India, like nord for Bangladesh der i nordaust.

Khasifolket er eit matrilineært samfunn der kvinnene og mødrene er særskild viktige. Barna får automatisk mors etternamn, yngste dottera i familien arvar foreldra og mor styrer familiens økonomi. Dei som bur i Bangladesh, lever hovudsaklig av å dyrke pan, som er ein slynglante som veks i jungelen. Desse panblada er ikkje mat, men er som ein skråtobakk som størsteparten av den vaksne befolkninga i Bangladesh tygg, og er avhengige av. Khasifolket skil seg frå majoriteten av befolkninga i Bangladesh ved at dei ikkje er muslimar. Opphaveleg var dei animister og dreiv med fedredyrking. No er størsteparten av dei ca. 20 000 khasiane i Bangladesh kristne (85%).

Etter eit døgn på gjestehuset i Dhaka, var vi klare for å kjøre til Brahmanbazar i nordaust. Ein biltur på om lag 6 timar. Det er spennande etter kvart som vi kjem oss ut av storbyen. Det er den tørre årstida nå, så mykje av rismarkene venter på regn og vatn. Dei jordfleckane der dei har tilgang på vatning, står rismarkene grøne og fine. Mot slutten av turen kjem vi inn i teplantasjeområda, og landskapet vert meir kupert og kollete og vi kjenner den reine og

friske lufta. Det finst forresten ikkje stein og fjell i Bangladesh. Det kjennest godt når vi kjører inn porten til misjonsstasjonen Brahmanbazar. Her budde vi i alle dei åra, langt ute på landsbygda, ein øyde plass. Nå er det blitt mykje meir befolka rundt og store hus bygd tett inntil misjonsstasjonen, her som det var rismarker og ungane sparka fotball då jordene låg brakk i tørketida.

Ja, det er som å kome «heim»! Sjå at husa som var, står ennå. Her var det to misjonærboligar og hus til nasjonale som vi samarbeidde med. Nå er det ikkje norske misjonærer att i Bangladesh, med unntak av ein legefamile som bur og arbeider i Dhaka. Misjonsstasjonen i Brahmanbazar vart gitt over til khasikyrkja, og dei ønskjer å bruke desse to boligane til gjestehus. Så vi fekk plass på gjestehuset her, i huset som vi sjølv har budd i i 6 år.

Målet for reisa vår, var å besøke khasimenigheter og vere med å støtte og oppmuntre ledarane i menighetane til fortsatt å stå i oppgåvene dei har i kyrkjene sine. Derfor vart det lagt opp reiseprogram for kvar dag saman med ledarskapet, slik at dei kunne råde oss til kor det var størst behov for besøk.

Første søndagen drog vi til Kalinjee landsby. Kalinjee menighet er Varhaug kyrkje sin vennskapsmenighet. To timar i trehjuls-scooterdrose kvar veg. Det siste vegstykket er ikkje bilveg, men bare for motorsyklar og desse trehjulingane. To ungdommar frå misjonsstasjonen er med oss. Det er idyllisk i seg sjølv med veg inn i jungelen og til sist kome til ein

landsby som ligg på ein åskam. 250 trappetrinn til toppen. Og det blir varmt med mange lag klede når sola står høgt på himmelen, sjølv i februar, som er kaldetida. Dei har fått seg solcellestraum i huset til menighetsledaren og landsbysjefen, så det er godt å setja seg ned i huset deira og takvifta vert sett på!

Snart vert det servert søt te med melk, loffskiver, formkake og kjeks. Dei er rause og tydelig glade for å ha fått besøk. Vi prater om laust og fast og det er gjensidig glede over gjensynet. Eg tek meg ein tur inn på kjøkkenet der damene sit på låge krakkar. Så får eg snakka meir med dei. Før gudstenesta er det tid til ein liten spasertur gjennom landsbyen oppe på åskammen og vi helsar på folka vi møter. Noen ber oss innom i huset deira òg, og vi har tid til det. Prater litt med dei, og høyrer korleis dei har det.

Så ringer kyrkjeklokkene og det er klart for gudsteneste i kyrkja. Barn og vaksne har kledd seg i finstasen, og alle har med seg sangboka og kollektpengar. Kyrkja er fullsett og menighetsledaren ledar gudstenesta. Vi står når vi syng og khasiane syng av full hals. Det er flott å høyre «O store Gud når jeg i undring aner -» på deira khasispråk!

Dei har fleire overraskinger på møtet denne dagen, til ære for oss som er gjester. Både dei små borna syng for oss, og ungdommane har òg laga kor for dette høvet og syng sjølvskriven sang. Vanlegvis har dei ikkje korsang i møtene deira unntatt når dei har noe å feire eller det er stormøte med mange menigheter samla. Gaute talar og dei følgjer godt med. Denne gongen brukar han flanellograf for at dei minste òg kan følgje betre med. Flanellografen var ei gåve vi hadde fått med oss frå Varhaug for å gi til



Arbeidet damene har med å bunte saman pan-blada



Solvor og ei khasidame



Heime i Brahmanbazar

khaskyrkja. Det vart mange handtrykk i løpet av dagen. Handhelsing og eit «Khublei» er vanleg helsemåte hos khasiane.

Etter gudstenesta var vi innom og helste på fleire familiar. I ein famile var dei så glade fordi familiefaren hadde blitt så mykje betre etter behandling med cellegift og stråling, og der måtte vi be takkebønn til Gud. I eit anna hus hadde dei nyleg fått tvillingar og der var det óg glede og takksemd. Før heimreis inviterte dei til middagsmåltid med smakfull ris og kyllingkarri, og så var det å takke for oss. Nye handtrykk og Ønske om Guds velsigning over den einskilde.

Vi braut opp før mørkret kom, slik at vi var komne heilt ut på bilvegen då det var heilt mørkt. Så var det å humpe oss på dårleg asfaltveg i to nye timar tilbake til Brahmanbazar.

Ja, slik var vi ute på besøk til nye landsbyar nesten kvar einaste dag av opphaldet vårt. Vi var óg med på khasiane sitt årlege stormøte som kallast presbyterimøte. Det var óg to timars kjøring ut ei anna retning, men denne gongen med bil heilt fram til den landsbyen. Den helga overnatta vi to netter i landsbyen og det er rørende å sjå gjestfriheten vi vert møtt med, midt i deira enkelhet. Det er sjarmerande å møte igjen kjende frå tidlegare, møte nye og lage nye bekjenskap. På møtene denne søndagen

var dei samla om lag 2500. Dei har ikkje så store kyrkjer som kan romme så mange, men dei ordner med teltdukar til ly for sola, både til møtetelt og mattelt. Menigheten har spart opp pengar slik at det er dei som påkostar og spanderer alt av bevertning, enten det er i det felles matteltet, eller i heimane. Det er slik dei har det og slik dei vil ha det. Søndagen vart vi overrumpla av noen kraftige regnbyger, og teltdukane var ikkje vasstette, men det gjekk helst godt! Det tørka fort opp i slikt eit klima, dagtemp ca 26 gr.

Dagane gjekk fort, vi var der i 3 veker. Og takksame for alle dei som vi fekk møte. Dei er så vennlege og hjartevarme menneske.



VoldenTollefsen AS

Rådhusgt. 2A

4360 Varhaug

Tlf. 51 47 22 00

www.voldentollefsen.no



Vi er der når du trenger oss

Varhaug, Oppstadveien 651. Tlf: 51 79 94 80 • Tlf. 982 17 798
Hjemmeside: jts.as

ALT I ELEKTRISKE INSTALLASJONER

Elektrofag Jæren

Industrigt. 2, 4362 Vigrestad • Tlf: 51 79 11 70 • post@elektrofag.no

En god kontakt på Jæren

EL-PROFFEN

EL-TEAM
Elektroentreprenør

Belysning-
prikken over i 'en

Tlf: 51486740
firmapost@el-team.net
www.el-team.net

TA KONTAKT



JG MASKIN

Jan Gunnar Undheim - Varhaugsvegen 89, 4360 Varhaug
Mobil: 958 28 410 - Fax: 51 43 08 27 - jagunnau@online.no

• SERVICE • DELER • REPRASJONER



Guds vei - den beste veien

Enneskenemay akketsnay orskjelligefay åkspray!
Vet du hva disse ordene betyr?

Disse rare ordene er på et liksom-språk som heter griselatin. Ordene betyr: "Folk snakker forskjellige språk!"

Kjenner du noen som snakker et annet språk? Noen ganger snakker folk liksom-språk, slik som grise-latin. Andre ganger snakker folk virkelige språk som mange folk kan. De snakke språk som zulu, spansk, engelsk og kinesisk.

Har du noen gang lurt på hvorfor alle de forskjellige språkene ble til? Bibelen gir oss svaret:

Etter flommen fikk Noah sine sønner familier med mange barn. Disse barna vokste opp og fikk egne barn. Etter en stund bodde det mange mennesker på jorden igjen. Hvor mange språk tror du folk snakket da? Prøv å gjette! Du tror kanskje at de hadde mange språk. Men de menneskene hadde bare ETT språk. Så det var veldig lett å snakke og arbeide sammen.

En dag da menneskene snakket sammen på det språket, sa de: "La oss bygge en stor by med et tårn som når helt opp til skyene. Så kan vi alle bo sammen i byen. Alle vil se det

store tårnet vårt og snakke om hvor mektige vi er." Menneskene startet å bygge. Bank, bank! De trodde at de var veldig sterke og veldig smarte. De trodde til og med de var smartere og sterkere enn Gud. Dunk, dunk! Menneskene hamret mursteinene på plass. Men Gud så hva menneskene gjorde, og Han likte det ikke.

Han visste at de kun ville gjøre ting på sin egen måte i stedet for på Guds måte. Så Gud blandet språket deres så de ikke kunne snakke med hverandre lengre. Nå, i stedet for bare ett språk, var det mange forskjellige språk på jorden! Bank, bank! Dunk, dunk! Så stoppet hamringen! (Dette kan du lese om i 1.Mosebok 11, 1-9)

Forestill deg hvor vanskelig det hadde vært å spille et spill, eller bygge et slott med vennene dine hvis alle snakket forskjellige språk. Dere ville ikke forstått hverandre! Slik var det for folkene i byen Babel. De måtte stoppe byggingen av tårnet. Så sendte Gud menneskene ut av Babel, for å leve på mange forskjellige plasser over alt på jorden. Der er svaret! Slik oppstod de forskjellige språkene. Vi har forskjellige språk fordi en gruppe mennesker ikke ville gjøre ting på Guds måte, men på sin egen måte. Guds måte er alltid best.



Noe å gjøre sammen:

Å bygge tårn - Sett i gang en konkurranse om hvem som kan bygge det høyeste og mest solide tårnet. (Kan f.eks bygge med lego, duplo, treklosser, sand eller kanskje til og med bygge med hammer og spiker) Mens dere bygger, og etterpå, kan dere snakke sammen om tårnet i Babel. Hvorfor ville menneskene bygge det høye tårnet? Hva tenkte de om seg selv? Hvorfor likte ikke Gud det de gjorde? På hvilke måter gjør du og jeg ting slik vi selv vil i stedet for slik Gud vil? (Hjelp barnet til å identifisere hverdagsseksempler på opprør mot Gud.) Snakk sammen om at Guds måte alltid er den beste måten.

Hva står det her?

Tallene viser bokstavens nummer i alfabetet.



**IKKE BRA NOK OPPLØSNING -
KLIPPET FRA WORDFIL**



1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	11	12	13	14
A	B	C	D	E	F	G	H	I	J	K	L	M	N
O	P	Q	R	S	T	U	V	W	X	Y	Z	Æ	Ø
15	16	17	18	19	20	21	22	23	24	25	26	27	28

Visste du at vi bare kan komme til himmelen ved å følge Gud? Jesus er Guds eneste vei til himmelen. Kjenner du Jesus i dag? Snakk sammen med noen som tror på Jesus for å finne ut hvordan du kan bli kjent med Jesus og komme til himmelen.

Jesus sier: "Jeg er veien, sannheten og livet. Ingen kommer til Faderen uten ved meg." (Joh.14,6)

Det jeg må huske om Babels tårn:

- Guds vei er alltid den beste vei.
- Jesus er Guds eneste vei til himmelen.

JÆREN AUTO AS

BILUTLEIE - BILSALG - DEKKSALG - OLJESERVICE

TLF.: 917 00 827 - VARHAUG



Varhaug • Tlf. 488 48 700



Min bok


Ingrid Varhaug

Eg vart veldig overraska då eg vart spurt om eg kunne skriva litt om ei bok eg hadde lese. For ei stund sidan las eg boka om Hans Nielsen Hauge, skreve av Jacob B. Bull. (Hadde fått boka i julegåve av far i 1991). Hans Nielsen Hauge vart bare 53 år gamal (1771-1824). Sitt åndelige gjennombrot fekk han som 25-åring ein vårdag han var ute og pløgde med hesten og song på salmen: «Jesus din søte forening å smake».

Hans Nielsen Hauge står som grunnleggjaren av den viktige lekmannsrørsla i landet vårt, og han var og ein føregangsmann for folkeopplysning. Han hadde revolusjonære ideer og var kompromisslaus. Difor kom han i konflikt med myndighetene, både dei geistlege og dei verdslege. Han var ein industrigrunder, dreiv handel og skreiv bøker. Han starta opp med husmøte. Guds ord var vegvisaren. Han var ulærd, men åndsfylt. Han gjekk til fots over heile landet, og strikka mens han gjekk. (på den tid var det berre menn som strikka!!)

Ti gonger i løpet av åtte år sat han i fengsel, før portane lukka seg bak han igjen i 1804, og sette ein definitiv stopp for arbeidet hans. Men det innhaldsrike livet hans hadde skapt eit tidsskille i kyrkja vår si historie. Det var krig, og landet var i naud. Hauge hadde bl.a. starta opp saltkokeri, og var den einaste som kunne dette. Nå vart han sett fri frå fengslet (mot kausjon) for å starte opp saltkokeri rundt i landet. Men under dette hjelpearbeidet for land og folk, vart han igjen kalla inn til forhør og fengsla på nytt (1809). Heile landet reagerte på hans urettferdige behandling. I 1814 falt dommen. Pengebot, som fort vart samla inn.

Hauge var nå etter ti års fengsel ein fri mann. Helse hans var nedbroten, men åndslivet hans var bevart. Det som festa seg mest hjå meg ved å lesa boka om Hans Nielsen Hauge, var at han gjengjeldte vondt med godt! Måten han svara



på, og måten han fekk kraft til å ta saker og ting på. Han vart ikkje bitter av alt det vonde og urettferdige han måtte gjennomgå. Han overga alt til ei Høgare makt! «Det Gud pålegger meg, det vil jeg bære», svarte han ved ei anledning. Styrken fekk han ved å leva så nær Kraftkjelda. Han etterlot seg eit eksempel!

Boka om Hans Nielsen Hauge var vel verd å lesa, og vart for meg litt spesiell sidan eg har fått den av far. Nå er dei begge «borte fra legemet, og hjemme hos Herren.» Dei «har stridt den gode strid, fullendt løpet, bevart troen» (2.Tim. 4,7)

Prisar for leige av Misjonshuset

	Kristeleg arrangement Eigar-org.		Anna bruk	
Innbetalingsgiro vert utlevert på kontoret på Misjonshuset	(NMS, IMF, NLM, Normisjon)	ANDRE	SELSKAP, GRAVFERD, o.l.	FAGMØTE handelslaget o.l.
Møtesal	300	400	1000	1500
Anretnings kjøkken	300	400	750	900
MATSAL 1)	250	350	900	1200
Kjøkken 2)	200	400	900	1200
Ungdomssal	300	400	900	1200
Tekjøkken (2. etasje)	100	150	200	200
Bønnerom (2. etasje) 3)	100	150	150	150
Foreningsrom 4)	100	150	150	150
Kjellarrom	100	150	150	150

Merknad

- 1): Servering skal så langt det er mulig skje i matsalen.
- 2): Ved koking av kaffe og ikkje oppvask: kr. 50.-
- 3): gratis for bønnemøter
- 4): Gratis for styremøter og planmøter for eigarorganisasjonane og deira tilknytte einingar.

Priser for spesielle arrangementer:

Konfirmasjon/ BRYLLAUP: bruk av kjøkken, matsal, ungd.sal kr. 4500 *)
 " " : bruk av anr.kjøkken og møtesal kr. 3000 *)

Andre selskap med matsal og ungdomssal laurdag: pris som for bryllaup.

*) Leige er for ein heil dag pluss kvelden før til pynting. Merk: ope hus nyttar ungdomssalen fredag kveld, noko som gjer at den berre kan nyttast laurdag.

	Eigarorg.	Andre
Møteveke uten fest på sundag	1000	1300
Møteveke med fest på sundag	1300	1800
Julemesse (fredag/laurdag, og tillaging torsdag)	1500	-----

NYTTÅRSFEST, heile huset kr. 2500 (Ungdomslaget)
 ANNA BRUK AV HUSET Etter avtale.

Leige av utstyr	Pris	andre tenester	Pris
Dukar (lin)	kr. 150. pr stk.	servering ved bryllaup o.a.	kr. 200 pr. time
Dukar (teflon)	kr. 100. pr stk.		
Dukar (velour)	kr. 50. pr stk.		
Bord (gamle trebord)	kr. 40. pr stk.		
Stolar (gamle, sete av tre)	kr. 10. pr stk.		

I TILLEGG TIL LEIGE AV HUSET KJEM 5% AV ALL OMSETNAD (unnateke inngangspengar)

Merk: høgste beløp som skal betalast som 5% for eit arrangement er kr 6000.

Varhaug, 8. januar 2015 - Styret for Varhaug Misjonshus

Faste arrangement

Arrangement	Dag	Tidspunkt	Rom	Kontakt	Tlf
Åpen Barnehage	Man. + torsdag (skuletid)	0900-1300	Matsal	Gerd Ingunn Matningsdal	959 78 084
Homlebølet	tirsdager	1000-1200	Matsal	Anette S. Auestad	476 36 941
Speider	onsdager	1900-2100	speiderloft og-kjeller	Øystein Varhaug	970 90 811
Rover (eldre speidere)	mandag	1900-2100	speiderkjeller	Lars Kristian Haaland	951 45 516
Åpent hus	fredager	2000-2330	ungdomssal	Johannes Bøe	415 49 009
Spiren (3-5. klasse)	torsdag, oddetallsuke	1630-1800	matsal/kjøkken	Kristin Skrettingland	411 06 529
Eldretreff	1. og 3. onsdag i mnd	1400-1600	matsal	Lars-Jan Nord-Varhaug	51 43 10 02
Søndagsskolen	søndag	1030-1100	møtesal	Margreta Bøe	51 43 03 66
FRES, ten-oppleg	fredag, annenhver	1900-1930	ungd.sal, matsal, kjøkken	Anette Vatne Vagle	414 20 272
Ungdomslaget	lørdager, hele året	2000	ungd.sal (eller møtesal)	Ingrid Omland	995 90 488
SUNDAG	søndager, oddetallsuke	1930	møtesal		
Søndag formiddagsmøte	søndager, partallsuke	1030-1115	ungdomssal	formennene	
Minikor	Mandager	1715-1750	Møtesal	?	?
yngreskor	Mandager	1815-1915	møtesal	Anne Margrete Fauskanger	959 35 486
ungdomskor /band	tirsdager	1900-2130	Møtesal	Gerd Håland	992 54 851
musikklag	tirsdag, oddetallsuke	2000-2130	matsal	Solfrid Skretting	51 43 01 20
Hananja	onsdag, oddetallsuke	2000-2230	møtesal/matsal	Njål Omland	51 43 10 57
Lovsanggruppe	Torsdag (hele året)	1900-2100	møtesal eller ungd.sal	Gerd Håland	992 54 852
SUNDAG lovsangsgruppeøving	Mandag (hele året)	1915-2100	møtesal	Bente Aanestad Scheie	416 76 727

ajourført: 210417

VARHAUG MISJONSHUS

VAKTLISTE 2019-2020

<u>namn/tlf (varamann i parantes)</u>	<u>Vekenummer og dato</u>								.
Solfrid Harbo	7	15	23	31	39	47	3	11	
482 53 765	11/2	8/4	3/6	29/7	23/9	18/11	13/1	9/3	
(Asbjørn Fauskanger 94157641)									
Kristian Skrettingland	8	16	24	32	40	48	4	12	
913 75 393	18/2	15/4	10/6	5/8	30/9	25/11	20/1	16/3	
(Andreas Rasmussen 95768809)									
Per-Arvid Jakobsen	9	17	25	33	41	49	5	13	
51430082/926 17 652	25/2	22/4	17/6	12/8	7/10	2/12	27/1	23/3	
(Tor-Jarle Ueland 91671417)									
Torbjørn Honnemyr	10	18	26	34	42	50	6	14	
479 56 501	4/3	29/4	24/6	19/8	14/10	9/12	3/2	30/3	
(Martin Dyngeland 97055506)									
Astrid Varhaug	11	19	27	35	43	51	7	15	
51430336/992 29 781	11/3	6/5	1/7	26/8	21/10	16/12	10/2	6/4	
(Sigbjørn Varhaug 51430336)									
Tron Stokkeland	12	20	28	36	44	52	8	16	
957 04 903	18/3	13/5	8/7	2/9	28/10	23/12	17/2	13/4	
(Leif Nord-Varhaug 91192055)									
Georg Høien	13	21	29	37	45	53/1	9	17	
414 74 560	25/3	20/5	15/7	9/9	4/11	30/12	24/2	20/4	
(Kjell Gunnar Arnesen 95486532)									
Tarald Ånestad	14	22	30	38	46	2	10	18	
906 37 516	1/4	27/5	22/7	16/9	11/11	6/1	2/3	27/4	
(Ståle Ånestad 94885541)									

Til alle brukarar av huset.

(Angitt dato er for mandagene).

Dersom du må ha hjelp til noko når du leiger Misjonshuset, kan du ta kontakt med den som har vakt. Tlf nr til Misjonshuset: 51430808.

Kontortid på Misjonshuset er mandag og torsdag kl 2000-2100,

I juli vil det ikkje vere kontortid. Ein kan óg nytte internettsida for å bestille leige, sjå http://www.varhaug-misjonshus.no/?page_id=752

Styret for Misjonshuset.



AH Bygg Auestad & Håland AS
Møllev. 12, 4360 Varhaug
Tlf.: 51798579

BYGGMESTER Oddmund VAGLE



Tlf 47 63 62 02

Ånestadvegen 292 - 4360 Varhaug

BØEN STORKIOSK GATEKJØKKEN

Dublandsvegen 1A - 4360 Varhaug - Tlf: 51 43 00 99

Mandag - Torsdag: 10⁰⁰ - 22⁰⁰ Fredag: 10⁰⁰ - 23⁰⁰

Lørdag: 09⁰⁰ - 23⁰⁰ Søndag: 10⁰⁰ - 22⁰⁰



KJÆRNEBORING



EGIL HÅLAND 4360 VARHAUG • Tlf. 51 43 04 94 •
Mobil 416 99 617 / 944 07 800 • www.Toppaland.com



Mobil 970 55 500

SKAL DU GRAVE?

KONTAKT

ERLING AUESTAD

MASKINENTREPENØR
VARHAUG

Alt innen graving

Tlf. 51430878

Mobil. 97197815



butikkken

– mer enn du tror!

Felleskjøpet Varhaug AS, Mølleveien 4, 4360 Varhaug
Tlf. 51 77 14 70

Åpningstid: Man. - fre. 8-17, lør. 9-14

Haaland Bilverksted

Opstadvegen 647 - 4360 Varhaug

Telefon: 90 50 65 66





Velkommen til familiefest på Misjonshuset!

17.mai kl. 18.00.

Tale av Monica Nord-Varhaug

Servering av pølser og is.

Leiker for små, og kanskje store også.

Du kjem vel?

